


Vedlegg 4: NAV Vest Telemark - årsmelding 2024

NAV Vest Telemark er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 20. Alle kommunane i området er med i samarbeidet. Me er 26 fast tilsette ved kontoret , 2 prosjektstillingar finansiera av statsforvaltaren og har hatt 2 ekstra tilsette på grunn av den høge busetjinga av flyktningar


Me blei etablert 01.10.2020 og har no 5 års drift bak oss. Åra 2020 -2021 har vore veldig spesielle år på grunn av pandemien. Åra 2022, 2023 og 2024 har og vore spesielle år på grunn av krigen i Ukraina og den store busetjinga av flyktningar i Vest -Telemark.

Grafane under viser utvikling i heilt ledige arbeidssøkjjarar i perioden frå jan 2019 til des 2024. Som det går fram av grafane er det svært låg arbeidsløyse i alle kommunane, men dei har auka ein del på slutten av 2024. Det skuldast at flyktningane frå Ukraina har krav om at dei skal vera registrera som arbeidssøkjjarar frå dag ein. Det er ein del ledige stillingar og fleire arbeidsgjevarar har problem med å skaffe seg kvalifisera arbeidstakarar. Det er mangel på arbeidskraft innan mange bransjar, men til trass for det er det utfordrande for flyktningane frå Ukraina å få ordinær jobb. Det er på grunn av at dei aller fleste har for dårlege norskkunnskapar .


I 2024 har Nav Vest-Telemark 67 formidlingar, det er litt færre enn i 2023.




Kjelde: nav



Kjelde: nav



Kjelde: SSB




Kjelde: nav

NAV Vest -Telemark hadde ei ramme på kr. 9 743 000 til arbeidsmarknadstiltak. Me har bruka kr. 10 175 000. Det er midlar som går til å hjelpe arbeidssøkjarane inn på arbeidsmarknaden. Målgruppene er ungdom, arbeidssøkjarar frå landgruppe 3, langtids arbeidssøkjarar og arbeidssøkjarar med nedsett arbeidsevne.

I tillegg kjøper me mykje tenester av Kvito A/S og Ideakompetanse A/S .

Me har og 28 varig tilrettelagde arbeidsplassar i ordinære bedrifter (VTO) til saman i kommunane. Der er målgruppa personar som har uføretrygd og som treng ein aktivitet.

Utvikling i talet på personar som mottok uføretrygd frå januar 2024 til desember 2024



Kjelde: nav

Utbetaling av økonomisk sosialhjelp 01.01.24-31.12.24

Totalt 2023	antall	Totalt 2024	Endring	
1,469,584	56	2,286,952	+ 817,368	Tokke
4,911,413	118	5,758,183	+ 846,770	Vinje
2,372,719	65	3,206,541	+ 833,822	Kviteseid
5,476,362	124	8,466,632	+ 2,990,270	Seljord
1,811,807	49	2,882,967	+ 1,071,160	Nissedal
2,295,414	45	2,666,280	+ 370,866	Fyresdal
18,337,298	457	25,267,556	+ 6,930,258	Totalt

Det er vore ei stor auke i utbetalingar frå 2023 til 2024. Det er på grunn av busetjing av flyktningar.

Kvalifiseringsprogram

Deltakarar i KVP i løpet av 2024: 22

Avslutta i 2024 til arbeid: 2

Avslutta i 2024 til andre statlege ytingar: 2

Stansa/avslutta til ingen konkret yting: 3

Me har betala ut kr. 2 553 559 i kvalifiseringsstønad.

Gjeldsrådgjevar

NAV Vest-Telemark og Tokke er vertskommune frå 010122 for gjeldsrådgjevaren. Det har vore ei stor auke i talet på saker frå 22 til 24. Det som kjenneteiknar sakene er at det er veldig store utfordringar for dei som får hjelp og krev mykje ressursar. Grunnen til at det er fleire saker no er renteauken som no har gjort seg gjeldande. Me ser og ein auke blant brukarar som ikkje er nav-brukarar.

I 2024 var det 51 av 89 som er i denne målgruppa.

Totalt antall :

2022	2023	2024
59	71	89

Nav Vest Telemark har svært avgrensa ressursar til å hjelpe desse. Ei stilling på 60% fordela på 6 kommunar gjev denne fordelinga (jmf. kostratal for 2024):

Nissedal: 0,07

Fyresdal: 0,07

Kviteseid: 0,09

Seljord: 0,12

Tokke: 0,09

Vinje: 0,13

Det vil vera behov for å styrke denne tenesta, evt kjøpe tenesta av private.

Tilsette i NAV Vest –Telemark

Me er 26 fast tilsette ved kontoret, 2 prosjekstillingar finansiera av statsforvaltaren og 2 ekstra tilsette på grunn av den høge busetjinga av flyktningar.

Me har lokasjonar i kvar kommune og møter brukarane der. Det har vore ein krevjande situasjon 2024 då alle lokasjonane blei stengde på grunn av manglande tryggleik.

Sjukefråvær

Me har hatt eit internt sjukefråvær på 0,5 % blant statleg tilsette og 3 % blant kommunalt tilsette i 2023. Me har ikkje hatt arbeidsrelatert sjukefråvær.

Utfordring i etaten framover

Utfordringar i 2025 vil framleis vera auke i brukarar som har rett på økonomisk sosialhjelp som fylgje av den høge busetjinga av flyktningar frå Ukraina. Det er ein situasjon som har vart i fleire år no, men det blir ekstra krevjande no då me har fått kutt i kommunale stillingar. Det er ein stor jobb å fylgje dei opp slik at dei etter kvart kan kome over i arbeidsretta tiltak og jobb. NAV ser det som svært viktig at kommunane kan leggje til rette slik at vi kan sette vilkår om aktivitet i sosialvedtaka for dei det er aktuelt for.

Det blir oppretta ein ungdomsgaranti for personar mellom 16-30 år som vil krevje god samhandling og samarbeid mellom NAV og dei andre etatane i kommunen. Me deltek i prosjekt «Partnerskapsløfte». 5 av 6 kommunar i Vest-Telemark med på dette.

Hovudprioriteringar i mål og disponeringsbrev frå Arbeids og velferdsetaten er tidleg oppfylgjing av sjukemelde, ungdom og flyktningar frå Ukraina.